



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
05.09.2018
Dykkar dato
10.08.2018

Vår referanse
2017/11554 561
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Merknad til supplerande høyring om konsesjonssøknad for Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune

Vi viser til supplerande høyring om konsesjonssøknad for Onarheim kraftverk. Etter justerte planar vil ein flytte inntak og lukehus frå enden av Bremstølsvatnet til elveløpet om lag 170 meter lenger nede. Alternativet gir ingen andre endringar i røyrgatetrase eller arealinngrep. Endringa vil samla sett redusere produksjonen med om lag 1,4 GWh/år, dersom ein også får løyve til å auke slukeevna frå 3,15 m³/s til 3,4 m³/s. Søkjar meiner at nye planar gjer at konflikt med friluftinteressene mot turmålet ved Bremstølen vert redusert, då delar av eksponert elvestrekkje vert spart for inngrep.

Fylkesmannen viser til brei lokal deltaking på synfaringa i området. Engasjement rundt planane stadfester at området rundt Hellandselva har stor regional verdi som friluftsområde. Området er lett tilgjengeleg for ulike grupper i befolkninga, og har gode kvalitetar for eit variert friluftsliv.

Fylkesmannen har tidlegare uttalt at søkjar undervurderer konflikt med dokumenterte friluftinteressar. Justerte utbyggingsplanar kan isolert sett vurderast å vere mindre konfliktfylte enn opphavlege planar. Vår hovudstandpunkt er likevel at utbygging i dette området er i vesentleg konflikt med landskap, opplevingsverdi og friluftsliv.

Fylkesmannen viser til vår fråsegn av 29. november 2017 der vi råde frå bygging av Onarheim kraftverk.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Hordaland fylkeskommune
Miljødirektoratet
Forum for Natur og Friluftsliv i
Hordaland v/ Bergen Turlag

Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Postboks 7900	5020	Bergen
Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN